

**Fra:** Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)  
**Sendt:** 10.06.2015 15:46:52  
**Til:** 'Svein Aage Valen - Thomessen (sva@thommessen.no)'  
**Kopi:** Marte Hustveit Hauge; Hogne Haktorson

**Emne:** SV: Juridisk betenkning habilitet  
**Vedlegg:** Brev frå KPMG 28.5.15 til Tysnes kommune.pdf;image001.png

Hei igjen!

Vi har no fått tak i eit brev frå KPMG som vi antar har betydning for betenkninga du skal lage. Brevet er send til leiar i kontrollutvalet i Tysnes kommune som er ein av kommunane som skal konkurransesette revisjonen i år. Vi ser ikkje bort frå at tilsvarande brev er send til leiarane i kontrollutvala i Fusa, Samnanger, Sund og Øygarden, som forutan Os og Tysnes, også skal ut i konkurranse i år. Dette har vi ikkje fått stadfesta enno, men leiar i kontrollutvalet i Os kommune har stadfesta at han ikkje har motteke tilsvarande brev. Brevet ligg ved.

Vi har slike kommentarar til brevet frå KPMG:

- På side 2 første kulepunkt om kurs for kontrollutval: Kommunar som har Deloitte som revisor har kontraktsfesta at dei skal levere 1 dag pr. år inkludert i fastprisen til kurs for kontrollutvalet og andre i kommunen og 2 dagar i fylkeskommune, jf. punkt. 4 i kravspesifikasjonen som er sendt over tidlegare. I samband med folkevalopplæring for kontrollutvala er det vorte brukt 0,5 dag av denne kvoten.
- Side 2 andre kulepunkt: Dersom KPMG føler at vi ikkje har evaluert deira tilbod på tilfredsstillande måte har dei hatt høve til å klage på dette. Det har dei ikkje gjort.
- Side 2 nest siste avsnitt: Dette er positivt feil. KPMG blei tildelt kontrakt med Austevoll kommune i 2013 etter at vi hadde evaluert tilboda. Vidare bisto vi også Bergen kommune i 2012 i tilsvarande prosess der BDO vann rekneskapsrevisjonen og Deloitte vann forvaltningsrevisjon.
  - Sist gong Tysnes kommune var ute i konkurranse var vår tilråding at Deloitte burde få tildelt kontrakten. Den gongen valde kommunestyret å innhente ei ny evaluering av tilboda frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, som konkluderte på same måte som oss og Deloitte blei tildlet kontrakten.
  - I same runde som Tysnes var ute sist gong var også Austevoll ute i konkurranse. Tilrådinga frå oss var å velje Deloitte. Kommunestyret gjorde om på dette og valde KPMG. Dette medførte at dei vart klaga inn til KOFA og tapte. Kommunen vurderte då å la Deloitte overta oppdraget utan ny utlysing. Vi tilrådde ny konkurranse, og slik vart det. Som nemnt vann KPMG den nye konkurransen.
  - Det er også slik at Deloitte er vald som revisor for Fjell, Askøy, Lindås og Vaksdal kommune utan at vi har bistått dei i arbeidet.

- Når det gjeld kommunar som har konkurranseutsett revisjonstenestene, utanom dei kommunane vi er sekretariat for, er Deloitte vald som revisor for anslagsvis 14 kommunar og KPMG er vald som revisor for anslagsvis 10 kommunar. Totalt sett har Deloitte anslagsvis 24 kommunar og KPMG anslagsvis 12 kommunar i heile landet
  
- Når vi evaluerer tilboda vert det tilrådd å velje den leverandøreren som totalt gir det mest økonomisk fordelaktige tilbodet basert på kriteriene i utlysningsteksten og ikkje for at nokon «står for tur» til å få ein kontrakt.

Med helsing

**Roald Breistein**  
Seniorrådgjevar  
Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

---

**Fra:** Roald Breistein  
**Sendt:** 29. mai 2015 12:27  
**Til:** Svein Aage Valen - Thomessen ([sva@thommessen.no](mailto:sva@thommessen.no))  
**Kopi:** Marte Hustveit Hauge; Hogne Haktorson  
**Emne:** Juridisk betenkning habilitet

Hei!

Viser til telefonsamtale i dag angående å få utarbeidd ei juridisk betenkning for oss.

Vedlagt følger disse dokumenta i sakens anledning:

1. Kontrakt mellom Deloitte og HFK. Vi er sekretariat for 11 andre kommunar i Hordaland som i hovudsak har inngått tilsvarande kontrakt som resultat av konkurranseutsetting.
2. Referat frå møte mellom oss og KPMG 20.1.15 – Vår versjon pr. 6.2.15
3. Referat frå møte mellom oss og KPMG 20.1.15 – KPMG sin versjon pr. 10.2.15
4. E-post frå oss 6.3.15 med vår versjon 2 av referat vedlagt – Etter denne har vi ikkje fått noko formell tilbakemelding frå KPMG
5. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Os kommune 13.5.15 der sak PS 32/15 på side 7 og 8 er relevant for saka

Vårt sekretariat har i løpet av dei siste 10 åra bistått kontrollutvala i fylkeskommunen, og dei andre kommunene vi er sekretariat for, i arbeidet med å få gjennomført konkurranseutsetting av revisjonstenestene. I dette arbeidet har vi fått «låne» juridisk kompetanse hjå fylkesrådmannen i innkjøpsavdelinga. Personen vi har lånt har i desse sakene kun rapportert til kontrollutvalet og oss.

Med helsing

**Roald Breistein**  
Seniorrådgjevar  
Sekretariat for kontrollutvalet

 hfklogo-epost3

Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*